



Lindås Vvs Nils Trøeland As  
Litlås 3  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3157 - 23/34458

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
04.05.2023

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr. 215/65 Eidnes ytre - utsleppsløyve

**Tiltak:** utsleppsløyve  
**Byggjestad:** Gbnr: 215/65  
**Tiltakshavar:** Ståle Sleire Johansen  
**Ansvarleg søkjar:** Lindås Vvs Nils Trøeland As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.04.2023.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Situasjonsplan.** Situasjonsplanen er ikkje målsett, avstand til bustad og nabogrense må vise i kartet. Situasjonsplan må også vise utsleppstad.
2. **Utsleppsstad.** Det er i søknaden kryssa av for utsleppstad «anna». Det må opplysast om korleis avløp frå minirensanlegget skal løysast.
3. **Nabovarsling.** Arbeida skal nabovarslas jf. Forureiningsforskrifta § 12-4 2. ledd.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **04.06.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### GENERELL INFORMASJON

#### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av Forureiningsforskrifta § 12-5.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Vvs Nils Træland As  
Ståle Sleire Johansen

Litlås 3  
Kvernhusaugane 4

5954 MONGSTAD  
5914 ISDALSTØ